

---

**Til:** Kjetil Eikefet  
**Emne:** VS: Brøyting strøing Eikanger skule

---

**Fra:** Frode Haukås [mailto:frode.haukaas@online.no]  
**Sendt:** torsdag 14. desember 2017 09:39  
**Til:** ragna.midtbo@lindas.kommune; Postmottak Lindås  
**Kopi:** Ståle Nordøen; Per Terje Engedal  
**Emne:** Brøyting strøing Eikanger skule

Kan de rute dette til dei som skal ha det?

Hei :) I dag er det mykje snø og til dels is på Eikanger skule, dette godgjer seg no for å bli til klink is ved værromslag som er meldt. Det har vore ein strøbil/traktor og køyrd ein runde, men dette er ikkje nok. Slik er det diverre ofte på dkuleanlegget her, dette pga at skulen ligg veldig kaldt til og at det ikkje blir brøyta eller salta på skuleplassen.

#### Tiltak 1 (korrigerande)

Det må i løpet av dagen sendast ein traktor med salt og sand for å klargjere plassen og ikkje minst bratt veg bak skulen mot ny paviljong, denne vegen er allereie veldig glatt og eg såg elevar ha store problem med å gå ned denne bakken

#### Tiltak 2(forebyggjande)

Dei som brøyter og saltar komunal veg Fyllingsnesvegen som går rett forbi skulen må få i oppdrag å brøyte og salte skuleplassen på Eikanger når dei alikevel er der, denne vegen er som oftast godt rydda for snø og is. Eg tenkjer at dette er ei god løysing. Slik det er no kan vi ikkje ha det pga at det er speilblank is der kvar gong det er værromslag etter snø. Dette er nok verre på denne skulen enn andre plassar pga plasseringa av skulen.

Eg ser fram til eit positivt svar, for dette veit eg at det klarar. No på tirsdag er det pensjonisttreff der besteforeldre skal sjå barneborna opptre, håpar at alle kjem heim med heil lårhalsar.

Beste helsing  
Frode Haukås  
Leiar FAU Eikanger skule

---

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.  
Thank you